



Månadsbrev frå Reben 😊

August

August har vore ein roleg oppstarts-månad etter sommaren, der vi har lagt til rette for at barna skal bli kjent med dei nye vaksne på avdelinga. Vi på Reben ynskjer at alle dei vaksne skal ha ein god relasjon til alle barna, og har derfor brukt god tid i leik med barna og god tid i overgangssituasjonar.

Vi har fortsatt med aldersinndelte leikegrupper på tre rom etter lunsj. Minst ein vaksen per rom, der vi har hatt lesestund og ulike aktivitetar. Vi har sett at barna har hatt god nytte av ei rolegare stund midt på dagen, der vi får pusta ut og tatt oss god tid saman med kvart barn.

Sykkelleik har vore veldig populært i utetida, ettersom vi har fått sykkelvegen med trafikkskilt og fotgjengerfelt og heile pakka. Barna har lært seg trafikkreglar, som å stoppe før fotgjengerfelt, køyre på høgre side av vegen og ta hensyn til andre i trafikken. Dette har vi også snakka om på turen til skogen, der vi ofte går langs trafikkert veg.

I skogen har vi hausta frå naturen, der barna har funne villrips, villbringebær, gaukesyre og surblad.

Vi har også brukt ein app (Artsorakelet) på artar vi har funne, og diskutert rundt om at vi ikkje må ta på/ete planter og soppar som vi ikkje veit kva er, men at vi kan ta bilde av den og så finne ut om den er spiseleg eller giftig. Utover hausten vil vi dykke djupare i temaet «Skogen». Kva kan vi finne i skogen (planter, dyr, troll)? Korleis forandrar skogen seg med årstidene? Vi vil at barna skal undre seg over og bli kjent med skogen, slik at skogen blir ein spennande og trygg arena å leike i. Det går faktisk an å ete maur.



September

September har bestått av mykje forskjellig! Bassengturane til bjørnegruppa har starta opp på fredagane, og dei storkosar seg i vatnet. Her handlar det om å bli trygg i vatnet og ha det gøy. I folkehelseuka hadde revane besøk av tannpleiarar som gav dei opplæring i korleis og kvifor det var viktig å pusse tennene.

I veke 38 hadde vi brannvernveke der vi samtala om brannvern (brannalarmen, røykvarslarar, nødnummer 113), såg på småsnuttar om brannbamsen Bjørnis, song «en brann er ikke tull...», før vi avslutta på fredagen med brannøving og besøk av sjølvaste brannvesenet. Dei fleste fekk testa regntøyet sitt då brannkorpset testa vannslangane sine.

September 2020 har ikkje hatt det flottaste været, men vi har vore ute kvar dag og vore på ein del turar til skogen over Jæra, leikeplassen og kaninene på Jæra, og til bassenget. På turane har det veldig ofte vore snakk om rognebær og at lauva på trea skiftar farge og fell av. Mykje regn og vind har prega september, og vi vil minne om viktigheten av å ha med nok skiftetøy (minst 1 skift), varme ullklær, og ikkje minst vanntette regnklær, lue og regnvotter. Varme og tørre barn leikar betre!

I inneleiken har barna vore oppteken av blant anna doktorleik, perling, bygge slott og tårn med magnetar og småplankar, og ikkje minst lese bøker. Vi har bytta ut bøkene i bokhylla annankvar dag, og barna har vore interesserte då det stadig er «nye» bøker å lese. Dei både les sjølv, saman med venner og med vaksne. Populære bøker: «Jakob og Neikob» og «Det runde problemet».

Takk for ein godt samarbeid no i denne rare tida!

Mvh Torill, Tove, Katrin, Veronica, Bjørn Olav og Charlotte